



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 22, 15. juni 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

### Nyhendebrevet held fram hausten 2023

Frå 1. august 2023 vert det ny rektor på HVO, og Odd Helge Mjellem Tonheim tek også over ansvaret for nyhendebrevet. Nyhendebrevet vil som før bli sendt ut på torsdagar, ca. kl 12.00. Tilsette på kontor for kommunikasjon vil også bidra med å skrive nyhendebrevet. Og hald fram med å sende tips og kommentarar!



## Fjordkonferansen

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert på Hotell Alexandra i Loen 20. og 21. juni. Temaet for konferansen i 2023 er "Samarbeid". Programmet for konferansen ligg no ute på nettsida til konferansen saman med oversyn over presentasjonar frå deltakarane. I alt blir det halde 65 presentasjonar på konferansen, av dei nærare 20 med forskarar frå Høgskulen i Volda.

**[LES MEIR](#)**



## Samarbeid om felles leseplan for grunnskulen

Isabella Pareliussen, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng, Pernille Fiskerstrand og Toril Romestrand Hjelle frå Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret har samarbeida med Ulstein, Herøy og Sande kommunar om ny felles leseplan for grunnskulane i kommunane. Komande skuleår skal leseplanen takast i bruk.

[LES MEIR](#)

## Fag og forskning

### Volda-studentar sin empati vart presentert og diskutert i Spania

I møte med forskarar frå Spania, Mexico, Colombia og Venezuela har Volda-professorane Torhild Høydalsvik og Roar Stokken lagt fram og diskutert den empatiske profilen til studentar ved Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet.

Høydalsvik fortel at ho opplever at det faglege perspektivet frå Volda både vert lagt merke til og vert lytta til i Granada. – Særleg det at vi set empati i samanheng med skjønnsutøving, profesjonsutøving og profesjonsetikk har blitt viktig i diskusjonane, seier Høydalsvik. [Les meir her.](#)

### Khrono: Kom i mål etter tre månaders strafferunde

Høgskulelektor Ingeborg Katrin Lid Berget er intervjuet av Khrono om doktorgradsarbeidet sitt. [Les om](#) kva som gjorde at ho fekk ei «strafferunde» på slutten av arbeidet og kva ho har forska på og funne ut.

### Forskningsseminar om luktesansen 3.–6. september

I september blir Sunnmøre vertskap for ein utforskande workshop i kulturstudium knytte til luktesansen: [Nordforsk \(NOS-HS\) exploratory workshop in Ålesund/Runde.](#)

Seminaret finn stad i Atlanterhavsparken i Ålesund og ved Runde Miljøsender og skjer med støtte frå Nordforsk. Førsteamanuensis [Erik Cyrus Fooladi](#) ved Institutt for realfag er medarrangør av seminaret. (Fristen for innsending av bidrag er ute.)

## Studium og studentliv

### Nytt bli kjent-arrangement for nye studentar dagen før studiestart

Arrangementet «Velkomstkveld», i regi av Velferdsgruppa hjå Høgskulen i Volda, er ein ny vri av «Pizza i Kaarstadparken». Målgruppa er alle nye studentar som kjem til Volda - og gamle studentar som treng ein ny start. Bli kjent-arrangementet finn stad 14. august frå klokka 17 på Berte Kanutte-huset og området rundt. På menyen står grillmat, og på borda ligg samtalekort med bli-kjent spørsmål som ein kan bruke om ein vil.

### Webinar om førebygging av radikalisering

**Tid og stad:** Fredag 23. juni 2023 kl. 10:00-10:45,

Beredskapsrådet for kunnskapssektoren inviterer utdanningsinstitusjonar, samskipnadar og folkehøgskular til Zoom-webinar om førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme i høgare utdanning. [Les meir om webinarret og meld deg på her.](#)

### Kardis Hasfjord ny i Studenttinget

[Rådgivar Marit Aklestad](#) som er administrativt ansvarleg for Studenttinget skal ha eitt års permisjon for å arbeide med politikk, både i samband med valkampen og etterpå. Kardis Hasfjord er tilsett mellombels og vil fungere fram til vikar for Aklestad er tilsett. Utlysinga av stillinga finn ein [her](#).

### Opn canvasroma så snart som råd!

Husk at canvasrom må publiserast av emne/studieprogramansvarleg for at studentane skal sjå dei. Merk at ein treng ikkje lage canvasrommet ferdig før ein publiserer det, det held til dømes å legge ut ei hyggeleg velkomstmelding slik at studentane veit dei er kome til rett rom. Også publiserer ein innhaldet nærmare studiestart eller når det er klart. Studentar får tilgang til roma når dei har registrert seg, jamfør <https://www.hivolda.no/studentsørvis/viktige-fristar>

**Biblioteket: Andre etasje er stengt 16.-25. juni**

På grunn av vedlikehold i trappa vil 2. etasje i biblioteket vere stengt for publikum frå fredag 16. juni til og med søndag 25. juni. Dersom nokon vil låne noko frå 2. etasje, kan dette berre gjerast i bemanna opningstid.

Opningstidene til biblioteket er slik i perioden fredag 16. juni til og med søndag 25. juni:

Fredag 16. juni kl. 10.00-16.00: Bemanna 10.00–16.00.

Laurdag 17. og søndag 18. juni: Meirope bibliotek

Måndag 19. juni: Bemanna 10.00–14.00

Tysdag 20. juni: Meirope bibliotek (ryddedag for bibliotekpersonalet)

Onsdag 21. og torsdag 22. juni: Bemanna 10.00–14.00

Fredag 23. juni: Bemanna 10.00–12.00

Laurdag 24. og søndag 25. juni: Meirope bibliotek

Biblioteket sine opningstider sommaren 2023 finn de nedst på nettsida vår:

<https://www.hivolda.no/biblioteket>

### **Kantina i sommar**

Framover blir det redusert tilbod i kantina - det blir berre varm mat i varmeskapet, men også litt ymse godsaker. Siste opningsdag før sommarferien blir fredag 23. juni. Første opningsdag etter sommarferien blir måndag 7. august.

## Styre og stell

### **Møte i høgskulestyret torsdag 15. juni**

Høgskulestyret har sitt siste møte før sommarferien torsdag 15. juni. Dette blir også det siste møtet for det [sittande høgskulestyret som har fungert i fire år](#). Styresakene er [tilgjengelege på nettsidene våre](#). På dagsorden står blant anna forskingsmeldinga, strategisk gjennomgang av studieporteføljen og tildeling av FoU-prisen. [Her er lenke til videostrøyming frå møtet](#).

### **Sommarstenging på Høgskulen i Volda**

Høgskulen i Volda vil halde sommarstengt i veke 27 til og med veke 30, altså frå 3. juli til 31. juli. I denne tida er det berre tilgang for dei som har gyldig nøkkelkort. Sentralbordet og studentsørvis er bemanna i heile ferien og svarar på telefon og e-post. Kantina har siste opningsdagen fredag 23. juni og opnar att etter sommarferien måndag 7. august. Biblioteket er meirope i heile sommarferien for alle som har gyldig nøkkelkort.

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

**Rune Aasen ny direktør i Studentsamskipnaden i Volda**

[Rune Aasen erstattar Jan Henning Egset som direktør i Studentsamskipnaden i Volda.](#) Aasen er i dag assisterande direktør i Studentsamskipnaden, ei stilling han har hatt sidan 2001. Han tek til som direktør 1. oktober 2023.

## Publisering og formidling

**Send gjerne tips!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. Send tipset også til kommunikasjon. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa.

**Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

**Garcia de Presno i Historisk tidsskrift**

Høgskulelektor [Jostein Garcia de Presno](#) ved Institutt for religion og livssyn har publisert artikkelen [«Grensesprengende vekkelse? Et haugiansk ekspansjonsforsøk i Sverige»](#) i Historisk tidsskrift. Her søker han svaret på kvifor haugianarrørsla på 1800-talet ikkje fekk fotfeste i nabolandet vårt.

## Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

### **Fagseminar: Frå barnehagebarn til nynorskelev – den språklege overgangen frå barnehage til skule - 8. juni**

Ein av dei første store overgangane i livet til borna våre er steget dei tek frå å vere eit barnehagebarn til å vere elev i eit klasserom. Kva skjer med språket til barna i møte med denne nye kvardagen, og korleis møter me desse språkbrukarane på best mogleg måte? Fagseminaret er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret og er eit av arrangementa under dei nynorske festspela. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

### **Akademiet Yngre forskarar vil ha 10 nye medlemmer - frist 11. juni**

Akademiet for yngre forskarar (AYF) har no opna for å ta inn 10 nye medlemmer. Frist for å melde seg er 11. juni 2023. Aktuelle søkarar må vere under 40 år, og medlemskapet varer i 4 år. Akademiet ønsker seg forskarar frå alle typar institusjonar fagfelt og stillingskategoriar. Kriteria for medlemskap er omfattande og sjølvstendig forskning eller kunstnarleg arbeid, at ein har interesse og høve til å delta i AYF sitt arbeid. [Her er utlysingsteksten.](#)

### **Utlysing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023**

Forskingsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskingsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

### **Fjordkonferansen - 20.-21. juni. Tema: Samarbeid**

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert i Loen 20 og 21. juni og temaet er Samarbeid. Dette er ein tverrfaglig konferanse og nær sagt alle typar samarbeid er velkomne, men er spesielt invitert til faglege bidrag som kan koplast til tverretatlig og anna

offentleg samarbeid, samarbeid i næringslivet, samarbeid mellom offentlege, og/eller kommersielle og ideelle aktørar, tverrprofesjonelt og tverrfagleg samarbeid, samarbeid mellom profesjonsutøvarar og brukarar, og kunstnarleg samarbeid. [Les meir om Fjordkonferansen og Fjordantologien på nettsida til konferansen.](#)

### **Felles sommaravslutning i kantina 23. juni kl 12.00**

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni

### **Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist**

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden.](#)

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Rådgjevar for barnehage og skulebasert kompetanseutvikling](#) - søknadsfrist 11.6.2023

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

## Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

**Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:**

**Våren 2023:**

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste møte i styreperioden)  
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen  
23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

### **Hausten 2023:**

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar  
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)  
15.8.-29.8.2023: [Fadderveka 2023](#)  
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)  
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)  
21.-24.9.2023: [Animation Volda](#)  
27.-28.9.2023: [Karrieredagane](#), Ørstahallen  
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)  
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

### **Våren 2024:**

7.3.2024: Høgskulestyret  
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)  
30.6.2024: Høgskulestyret

## **Faste lenker:**

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

### **REKTORBLOGGEN**

18.5.2023: [Tilstandsrapporten 2023: Kva står der om Høgskulen i Volda?](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### **KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?**

[Rokken](#)  
[ØrstaVolda.no](#)

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)  
[Tiktok](#)



[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

#### **STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## **Høgskulen i Volda**

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)